

Vi ønskjer alle trenarar, oppmenn og foreldre velkommen til :

Førjulssamling 13. desember

Klokka 19-21 på Rica Sunnfjord Hotell

Korleis kan vi i Førde IL-Handball skape eit miljø kor alle opplever tryggleik, trivsel, meistring og utvikling

Region Vest har prioritert å følgje opp Førde sitt arbeid med klubb utvikling og vi har fått **klubb utviklar Erlend Vågane** til å komme til Førde 13. desember for å jobbe saman med oss for å utvikle våre målsettingar.

Saman skal vi meisle ut gode kvardagsreglar :

- Kan vi ta imot alle som ønskjer å spele handball i klubben ?
- Kva bør forventast av foreldra i klubben?
- Korleis skal vi jobbe for at klubben vår vert oppfatta som ein god stad å vere ?
- Korleis vert vi oppfatta utanfrå?
- Korleis omtalar vi oss sjølve ?
- Er vi gode rollemodellar ?
- Kva bør det koste å delta i handballen ?

For klubben er det viktig av vi alle engasjerer oss og viser kva vi meiner er viktig for at klubben vår skal vere ein trygg og inkluderande arena - difor er di deltaking og di meining viktig.

Bruk denne førjulskvelden som ei god investering i klubben si framtid !

Dersom det vert EM-kamp denne kvelden, prioriterer vi å sjå denne saman !

Velkommen !